

Langtidsplan for utstillingar og arrangement utanom arena **23–28**

Vedteke
2.12.22

Visjon:
**Nynorsk for hovud og
hjarte til heile landet**

Hovudmål frå strategien

*Me samarbeider med forskarar om meir forskingsbasert formidling
Tilbodet på arenaene, på turné og digitalt er godt tilpassa målgruppene
Me deltek i strategiske samarbeid med nasjonale og regionale aktørar for å
styrkje nynorsk skriftkultur*

Suksesskriterium frå strategien

*Tal: Førstekompetente som har gitt råd om utstillingar, turnear og festivalar.
Tal: Barnehagebarn og skulelevar per steg og per turne/arena.
Tal: Kommunar med vandreutstilling/ arrangement*

Verdiar:

**Samlande
Kreativ
Påliteleg**

Samfunnsoppdrag:

**Me aukar kunnskapen
og medvitet om nynorsk
skriftkultur**

A Gjennomgang av prioriterte mål

Relevante mål og suksesskriterium står på framsida av dette dokumentet. Her er dei presisert og konkretisert som grunnlag for vidare oppfølging i denne strategien. Ein del mål og suksesskriterium er dekka av fleire planar og strategiar.

Mål og suksesskriterium i strategi	Tilbodet på arena, turné og digitalt er godt tilpassa målgruppene	Barnehagebarn og skulelevar per steg og arena/turne
Presisering og konkretisering	NK skal vite korleis publikum opplever tilboda våre.	Gitt hovudmålgruppene (7-åringen og 16-åringen) prioriterer me 1.-4. steget, 10. trinn og vidaregåande opplæring for nye tilbod.
Prioritert tiltak	Publikumsundersøking skal følgje med vandreutstillingar og DKS-turnear.	Fornye, betre eller skape nytt tilbod for 1.-4. steget og vidaregåande opplæring kvart år.

Mål og suksesskriterium i strategi	Strategiske samarbeid med nasjonale og regionale aktørar for å styrke nynorsk skriftkultur	Tal kommunar med utstilling/ arrangement
Presisering og konkretisering	Litteraturhus i Møre og Romsdal er ein effektiv måte å nå ut med turnear på. Utstillingar er mindre ressurskrevjande, og det er nyttig å få avtalar om fast distribusjon av utstillingar.	Me skal nå 100 kommunar i året, inkludert dei dei største kommunane, og gjennom perioden nå alle kommunar med nynorskklassar i grunnskulen.
Prioritert tiltak	NK vil fornye samarbeidet med alle kommunane i Møre og Romsdal. NK vil etablere fast samarbeid om utstillingar og/eller turnear i prioritert rekkefølge: Vestland, Telemark, Rogaland, Innlandet, Agder, Buskerud.	Sikre avtalar om utstillingar og turnear i minst 50 kommunar ved inngangen til kvart år (DKS blir ofte først stadfesta første halvår). Setje av pengar i budsjettet og tid i handlingsplanen til å nå minst 20 spesifikke kommunar (største, nynorskklassar) ein elles ikkje når med tilbod med utstilling eller arrangement.

Eksterne krav og signal

Denne gjennomgangen er for å sikre at andre krav og signal enn dei prioriterte mål og suksesskriteria blir følgd opp.

Eksterne krav og signal	Museumsmeldinga/ tilskotsbrev	ICOMs museumsetiske retningslinjer	Regionale planar	Barne- og ungdomskultur-meldinga
Krav	Ei av hovedoppgåvene til musea er å formidle kunnskapen dei sit på til ulike målgrupper.	Museet pliktar å nå alle brukargrupper, aktivt samarbeide med lokalsamfunn, nabolag og samarbeidspartar for å engasjere publikum fysisk og digitalt.	Møre og Romsdal legg meir vekt på medverknaden av barn og ungdom i DKS.	Meir kulturtilbod på nynorsk for å sikre språklege rettar og språkpolitiske mål.
Signal	Innhaldet må vere relevant til ulike brukarar, og ein bør arbeide med dialog, samspel og teste ut tema og formidlingsformar.		Telemark ønskjer at institusjonane arbeider for å nå nye målgrupper. Vestland ønskjer å styrke samskaping og medverknad, og særleg for barn og ungdom.	Auka vekt på samskaping og medverknad.
Peikar til relevante dokument	Meld. St. 23 (2020–2021) Musea i samfunnet	ICOMs konkretiserte etiske retningslinjer	Møre og Romsdal Telemark Vestland	Meld. St. 18 (2020–2021) Oppleve, skape dele
Prioritert tiltak	Styrke samarbeidet med forsking/ samling om å bruke deira innhald i nasjonal formidling.	Ingen særskilde tiltak.	DKS-produksjonar vert planlagd med medverknad.	Ingen særskilde tiltak.

Berekraftig drift av organisasjonen

Denne vurderinga vert gjort for å følgje opp det strategiske målet om å vurdere konsekvensar for klima/miljø, universell utforming, personell og økonomi i alle saker.

Berekraftig drift av organisasjonen	Klima og miljø	Universell utforming	Tid, kompetanse og arbeid	Økonomi
Utfordring	Reise og frakt fører til auka klima- og miljøpåverknad.	Me samarbeider med mange aktørar som i ulik grad legg til rette for universell utforming.	Veksten i produksjonar og vekt av DKS og vandreutstillingar har vore rask, og det er behov for å forenkle og strukturere arbeidet.	Nasjonal formidling er i stor grad prosjekt- og eksterntfinansiert samstundes som det er prioritert mål.
Prioritert tiltak	Redusere og effektivisere reiser og frakt gjennom rutinar og konkrete mål for året.	Utarbeide rettleiar for universell utforming av turnearrangement.	Lage og forenkle rutinar for drift og revidering av DKS-turnear og vandreutstillingane.	Meir av driftsmidlane blir prioriterte til nasjonal formidling.

B Status og tiltak for fagområde

B-1 Vandreutstillinger

Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur, har 41 vandreutstillingar til utlån. Dei var til saman lånte ut 2 667 dagar i 2021 (mot 1 115 i 2020 og 1 018 i 2019). Utstillingane blir lånt ut gratis til bibliotek, museum, skular, kulturhus, festivalar og andre som ønskjer det, men lånaren må betale returfrakt.

Målgruppene	Kulturstorbrukaren	Nynorsk-7-åringen	Nynorsk-16-åringen
Oppdrag	Me skal skape unike opplevingar for kulturstorbrukaren ved å skape format og innhald dei ikkje opplever andre stader	Me skal gjere nynorsk-7-åringen stolte av og trygge på nynorsk språk gjennom å skape gode og varierte opplevingar på nynorsk	Me skal støtte nynorsk-16-åringane til å verte stolte av og interesserte i nynorsk språk og litteratur gjennom å ta interessene og kvardagen deira på alvor.
Status	NK har mange utstillingar til utlån for denne målgruppa.	Me har ikkje laga utstilling for denne målgruppa. Haugesenteret har undervisningsopplegg for 7-åringen til Fuglar i lyrikken.	Bibelspråkutstillinga blei tilpassa språkleg i lag med ein ungdomsskuleklasse. . Me har kontakt med målgruppa i utarbeidning av nye utstillingar om Vesaas, mindretalsspråket i Latvia og ordboksarbeidet i Noreg.
Utfordring	Det er ulik kvalitet på utstillingane, og nokon treng oppdatering.	Me har ikkje ei slik vandreutstilling.	Me veit for lite om målgruppa og kva format me bør nå desse i.
Prioritert tiltak	NK lagar kvart år plan for oppdatering/revidering/gjennomgang av tidlegare vandreutstillingar og plan for produksjon av nye.	NK lagar ei vandreutstilling for 7-åringar i tett dialog med målgruppa. Vurdere å spreie eksisterande og utvikle fleire undervisningsopplegg for utstillingar vi allereie har.	Vandreutstilling er ikkje prioritert no, men kan vere aktuelt etter at tiltak for målgruppa i formidlingsstrategien er gjennomført.

	Medverknad og samskapning	Kunnskapsgrunnlag	Samarbeid
Status	Det har berre vore mindre medverknads- og samskapingsprosjekt med utstillingar.	Det er ofte brukt førstekompetanse på fagleg innhald ved utvikling av utstillingar	Me har ingen faste avtalar, men fleire faste brukarar. Det har frå 2018–2023 vore om lag 140 lånarar av utstillingar

Ufوردning	Dette vert følgt opp i formidlingsstrategien.	Gjere slik involvering systematisk.	Bestillingssystemet er tungvint og det er vanskeleg å styre om me når kommunemålet. Aktivt innsal bidreg til auka utlån.
Prioritert tiltak		Involvere førstekompetanse ved alle nye vandreutstillingar.	Vurdere abonnementsløysing der biblioteka får 1–3 utstillingar kvart år uavhengig av tema. Me tek sjølve initiativ til avtalar med fylkesbibliotek eller andre konstellasjonar om dette.

Bidrag til målekriterium	Tal kommunar med tilbod
Status	NK nådde 89 kommunar i 2021, og om lag 100 kommunar i 2022.
Ufوردning	I 2021 fordelte kommunane seg slik etter fylkesstrukturen frå 2024 (samletal for all turneverksem): Møre og Romsdal (26 av 26), Vestland (20 av 43), Telemark (8 av 17), Nordland (6 av 41), Vestfold (6 av 6), Rogaland (5 av 23), Innlandet (5 av 46), Akershus (4 av 21), Trøndelag (3 av 38), Agder (2 av 25), Troms (1 av 21) Oslo (1 av 1), Buskerud (1 av 18), Finnmark (0 av 18), Østfold (0 av 12). Om fylkesbibliotek eller andre dekkjer transport, og ein brukar dei mest lett-transporterte utstillingane kan faste avtalar om turnear mellom biblioteka i fylket vere aktuelt. Om ein klarar alle kommunar i Vestland, Telemark og Møre og Romsdal kvart år er det 86 kommunar aleine.
Prioritert tiltak	Fast avtale om utstillingsturnear i prioritert rekkefølge: Vestland, Telemark, Rogaland (stiftarfylka våre utan andre faste avtalar). Pilotbiblioteka får ansvar for å sørge for at utstillingar dei får turnear til andre kommunar i området.

B-2 Turnear for skular og barnehagar

Den kulturelle skulesekken (DKS)

Ein stor del av tilboden vårt er gjennom den statlege ordninga, Den kulturelle skulesekken, der fylkeskommunar og kommunar kjøper inn tilbod til skulane. Publikumstalet for Den kulturelle skulesekken har vore dalande frå 8 976 i 2019 til 3 766 i 2021. Det har vore koronapandemi i denne perioden, då ein del turnear blei avlyste. Per september 2022 er lista over produksjonar slik, men det blir gradvis utskifting eller fornying i løpet av perioden:

Produksjon	Uttrykk	Klassesteg	Premiere-år	Fylke og kommunar kjøpt inn i 2019/20, 2020/21, 2021/22, 2022/23
Les for livet	Litteratur, scenekunst	5.–7. steget	2018	Møre og Romsdal, Vestland, Oslo, Agder
Les for livet – fluktrute	Litteratur	5.–7. steget	2021	Møre og Romsdal
Ein nordmann likar ikkje å vera våpenlaus	Litteratur, musikk	8.–10. steget/ VGS	2016	Oslo, Bærum, Møre og Romsdal, Agder, Innlandet
Lurivar og det hemmelege skrinet	Litteratur, visuell kunst, scenekunst, musikk	1.–4. steget	2016	Vestland
Snakk om språk	Kulturarv, scenekunst	8.–10. steget	2004	Bergen, Agder, Rogaland,
Tenk om eg var ein tanke	Musikk, litteratur	1.–4. steget	2014	Møre og Romsdal, Hordaland
Hjarte i alle fargar	Kulturarv, litteratur	5.–7. steget	2022	Ørsta
Utsyn Innsyn	Film, scenekunst, visuell kunst, kulturarv	5.–7. steget	2023	
Is-slottet og Tarjei Vesaas	Litteratur	VGS	2022	Vestfold og Telemark
Skit eller kanel	Kulturarv, scenekunst	9.–10. trinn/1. VGS	2022	Ørsta
Eit anna blikk (i arbeid)	Litteratur, kulturarv, scenekunst	10. steget/ 1. VGS	2023	

Eg vil ha rytmel! Eg vil ha ord! Poesi og språkleik (i arbeid)	Litteratur, musikk	1.–4. steget	2023	
--	--------------------	--------------	------	--

Andre turnear for barn og unge

Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur, turnerer med innhald til folkebibliotek og andre arrangørar gjennom Litteraturhus i Møre og Romsdal, Nynorske pilotbibliotek og eigne turnear og einskildarrangement, særleg i Vestland fylke. Blant tilboda som er på turné er også skule- og barnehagertilbod.

Målgruppene	Kulturstorbrukaren	Nynorsk-7-åringen	Nynorsk-16-åringen
Oppdrag	Me skal skape unike opplevingar for kulturstorbrukaren ved å skape format og innhald dei ikkje opplever andre stader	Me skal gjere nynorsk-7-åringen stolte av og trygge på nynorsk språk gjennom å skape gode og varierte opplevingar på nynorsk	Me skal støtte nynorsk-16-åringane til å verte stolte av og interesserte i nynorsk språk og litteratur gjennom å ta interessene og kvardagen deira på alvor.
Status	Denne målgruppa er ikkje prioritert i dette kapittelet.	<p>NK har to DKS-produksjonar, som allereie er 6–8 år gamle, og ein ny under etablering.</p> <p>Vi når også denne målgruppa gjennom andre turnear (festivalane, Litteraturhus i Møre og Romsdal, arrangementstilbod i Vestland og pilotbibliotek)</p> <p>Når målgruppa primært gjennom skulen, men prøver å nå borna også på fritida.</p>	<p>NK har fire aktuelle DKS-produksjonar for målgruppa og ein ny under etablering. Me har og somme andre arrangementstilbod (festivalane, Litteraturhus i Møre og Romsdal, arrangementstilbod i Vestland og pilotbibliotek).</p> <p>Når målgruppa primært gjennom skulen.</p>
Utfordring		For å nå målgruppa betre bør nye produksjonar erstatte dei to eldste DKS-tilboda for denne målgruppa. Poesi og språkleik erstattar tematisk Tenk om eg var ein tanke.	NK lagar oftast felles produksjonar for ei målgruppe på 13–20 år (ungdomsskule og vgs). Me bør tettare på målgruppa og lage tydelegare produksjonar for anten dei eldste eller yngste tenåringane.
Prioritert tiltak		Erstatte av framsyningane med ein ny produksjon for 1.-4. steget.	Revidere DKS-produksjonane for 8. steget – VGS til primært anten ungdomsskule eller vidaregående opplæring.

	Medverknad og samskapning	Kunnskapsgrunnlag	Samarbeid
Status	Me har medverknad, men sjeldan synlege ungdomar i produksjonane våre.	Me nyttar faglege innspel til produksjonane.	Me samarbeider tett med kultursektoren, men har i liten grad direkte dialog med skulesektoren om tilboda våre.
Utfordring	Det er lite eigendeltaking frå ungdomar som fortel om nynorsk skriftkultur frå deira bakgrunn.	Me har ikkje tradisjon for å følgje formidlingsforskinga i Noreg eller på feltet elles.	Lærarane manglar materiell til å følgje opp DKS-produksjonane og andre skuletilbod i undervisinga elles.
Prioritert tiltak	Greie ut etablering av nynorske vegvisarar, etter modell frå kvenske,	For nye produksjonar skal det lagast leseliste slik at ein får felles kunnskaps- og teorigrunnlag for formidling gjennom DKS.	Etablere samarbeid med Nynorskenteret eller andre om å utvikle for- og etterarbeidsopplegg for DKS-

	samiske og jødiske tiltak.		produksjonane og anna skuleaktivitet. Nytte pilotbiblioteka til å teste ut nye format og alternativt innhald.
--	----------------------------	--	--

Bidrag til målekriterium	Brukarar per steg i skule og barnehage	Tal kommunar med tilbod
Status	Me har lite oversyn over kven me når, særleg for skule- og barnehageturnear utanfor DKS.	Det er mykje dei same fylka som kjøper inn DKS-produksjonar og avtalar kjem ofte sein på plass. Møre og Romsdal og delvis Vestland vil ikkje betale påslag for oppdatering, vidareutvikling og øvingsdagar.
Utfordring	Føre statistikken jamleg og med opplysingane me treng gjennom året.	Me når ikkje alle område med nynorskelevar med skuletilbod, og har svakt nettverk mot DKS-produsentane i fleire fylke.
Prioritert tiltak	Føre statistikk for skule- og barnehageturnear per hovudsteg og per kommune/ fylke	NK skal etablere nettverk og kontakt slik at alle fylke med nynorskelevar (Agder, Rogaland, Innlandet, Telemark, Buskerud, Vestland, Møre og Romsdal) kjøper inn tilbod frå oss årleg.

B-3 Anna turnéverksemd for kulturstorbrukaren

Nynorsk kultursentrum har i mange år hatt arrangement på turné. Frå 2020 er dette gjort meir systematisk. Me brukar ordinært driftstilskot frå Vestland fylkeskommune og Kultur- og likestillingsdepartementet til fleire turnear. Ein stor del av turneane er prosjektfinansiert gjennom prosjektet Litteraturhus i Møre og Romsdal der alle folkebiblioteka i fylket får formidlingstilbod frå Bjørnsonfestivalen og Nynorsk kultursentrum. Jubileumsmarkeringar har ofte også turnétilbod.

Målgruppene	Kulturstorbrukaren	Nynorsk-7-åringen	Nynorsk-16-åringen
Oppdrag	Me skal skape unike opplevingar for kulturstorbrukaren ved å skape format og innhald dei ikkje opplever andre stader	Me skal gjere nynorsk-7-åringen stolte av og trygge på nynorsk språk gjennom å skape gode og varierte opplevingar på nynorsk	Me skal støtte nynorsk-16-åringane til å vere stolte av og interesserte i nynorsk språk og litteratur gjennom å ta interessene og kvardagen deira på alvor.
Status	Me når i stor grad kulturstorbrukarane gjennom tilboda våre, særleg gjennom tilboda på folkebibliotek.	Me prioritærer ikkje 7-åringen i dette tilbodet, og prioritærer berre skuletilbod nasjonalt med desse som målgruppe.	Me prioritærer ikkje 16-åringen i dette tilbodet, og prioritærer berre skuletilbod nasjonalt med desse som målgruppe.
Utfordring	Me nyttar ofta faste og etablerte format og innhald.		
Prioritert tiltak	Nytte pilotbiblioteka til å teste ut nye format og alternativt innhald.		

	Medverknad og samskapning	Kunnskapsgrunnlag	Samarbeid
Status	Dette er ikkje prioritert for dette temaet, utover generelle tiltak i formidlingsstrategien.	Me dekkjer eit vidt område, og har kunnskap om store delar av litteratur- og språkfeltet i Noreg.	Litteraturhus i Møre og Romsdal og Pilotbiblioteka er dei mest etablerte og systematiske samarbeida.
Utfordring		Litteratur- og språkfeltet er stort og me har mange medarbeidarar	Me ønskjer å vere meir til stades med aktivitet i heile Vestland, og kunne gjere

		som skal halde seg oppdatert på dette.	samarbeid der meir systematisk. Me vurderer også fleire strategiske partnarar i dei store kommunane og område med nynorskklasser.
Prioritert tiltak		Etablere system for deling av litteraturkritikk, omtalar og idear til litteratur- og språkarrangement.	Tilpassa, føre vidare og eventuelt utvide pilotbibliotekordninga. Få på plass avtale om turnear i Vestland.

Bidrag til målekriterium	Tal kommunar med tilbod
Status	NK nådde 89 kommunar i 2021, og om lag 100 kommunar i 2022 totalt. Størstedelen av turnearrangements er i Møre og Romsdal.
Utfordring	Me når ikkje systematisk dei største kommunane i landet og heller ikkje kommunane med nynorskklasser i barneskulen.
Prioritert tiltak	Få strategiske samarbeidspartnar og nettverk/klynger for turné eller andre tiltak (utstilling m.m.) i dei største kommunane og kommunane med nynorskklasser.

B-4 Friluftsformidling

Nynorsk kultursentrum driv ganske omfemnande friluftsformidling. I 2022 har me utebibliotek i kommunane Sula, Hareid, Herøy, Ørsta, Volda og Vanylven. I Ulvik har Nynorsk kultursentrum diktloypa Poetiske stoppestader, poesi på Støylstrimmen, utebibliotek for barn og familiar i samarbeid med 4H og Bokstavjakta i samarbeid med Ulvik turlag. I tillegg er det utetilbod på sjølve arenaene i Vinje og Ørsta. Det er omtalt i planen for utstilling og arrangement ved arenaene.

	Kulturstorbrukaren	Nynorsk-7-åringen	Nynorsk-16-åringen
Oppdrag	Me skal skape unike opplevingar for kulturstorbrukaren ved å skape format og innhald dei ikkje opplever andre stader	Me skal gjere nynorsk-7-åringen stolte av og trygge på nynorsk språk gjennom å skape gode og varierte opplevingar på nynorsk	Me skal støtte nynorsk-16-åringane til å verte stolte av og interesserte i nynorsk språk og litteratur gjennom å ta interessene og kvardagen deira på alvor.
Status	Me har ni Poetiske stoppestadar i Ulvik sentrum og 17 postar i Ulvik turlag sin støylstrim.	I Ulvik har me etablert Bornas natursti med bokstavjakt og aktivitetar knytt til barnebøker og Lurivar. Det er også eit utebibliotek for barn og vaksne på Tunheim, i samarbeid med Gløgg 4H og Ulvik turlag DNT. Bøker blir byta ut av Haugesenteret fleire gonger i året. Me har ute 10 Lurivar utebibliotek i samarbeid med to folkebibliotek, to grändalag og eit museum i tillegg til private grunneigarar.	Denne målgruppa er ikkje prioritert for dette tilbodet.
Utfordring	Få diktloypa Poetiske stoppestader til å bli ein heilskapleg del av utstillinga på arenaen.	Det er vanskeleg for målgruppa å få eigarskap til Lurivar. Det er utfordrande å få tilbakemelding om utebibliotekstilbodet direkte frå målgruppa. Tidskrevjande med avtalar for kvar enkelt kasse,	

	Få Støylstrimmen til å skape meir merksemd mot Haugesenteret	oppfølging av innhald, innhenting/plassering av kasser vår og haust, Utviding av tilbodet vil krevje meir av alt. Ved eventuell frislepp/ kommersialisering vil det gi mindre kontroll på plassering og innhald.	
Prioritert tiltak	<p>Regelmessig promosing i sosiale medium. Supplerer Poetiske stoppestader med QR-kodar</p> <p>Oppdatere plansjar til støystrimmen i riktig format.</p> <p>Utarbeide Vesaas' natursti i Vinje.</p>	<p>Inkludere oppdatert Lurivar-figur i Bokstavjaka og utebiblioteket på Tunheim.</p> <p>Promotere loggbok og utebibliotek regelmessig i sosiale medium.</p> <p>Opprette merksemkdskonkurranse i lag med samarbeidspartar.</p> <p>Vurdere å utvide Lurivar utebibliotek i Vest-Telemark og Voss/Hardanger opp mot kapasitet, samarbeidspartar og andre nasjonale tiltak</p>	

	Medverknad og samskapning	Kunnskapsgrunnlag	Samarbeid
Status	Ikkje relevant for dette tiltaket.	Me har lite kunnskap om effekten av litteraturformidling i friluft.	Friluftstiltaka er gjennomført i samarbeid med andre, og er avhengige av det for å verte vedlikehalde og følg opp.
Utfordring			Ressurskrevjande vedlikehald og oppdatering.
Prioritert tiltak		Oppmode andre til å forske på dagsturhyttene og våre litteratur-i-frilufts-tiltak.	Friluftstiltaka vert ført vidare så lenge samarbeidspartane er med på det.

Bidrag til målekriterium	Brukarar per steg i skule og barnehage	Tal kommunar med tilbod
Status	Ikkje relevant for dette tiltaket.	Ikkje relevant for dette tiltaket.
Utfordring		
Prioritert tiltak		

C Tiltaksliste basert på måla

Årlege tiltak

Tiltaka er i prioritert rekkefølge, og blir konkretisert og prioritert i den årlege handlingsplanen. Dei første tiltaka blir prioritert først når ein skal prioritere mellom tiltaka.

Nr	Tema	Mål/ tiltak	Ansvar
1	Planlegging	Meir av driftsmidlane blir prioriterte til nasjonal formidling for å nå dei overordna måla til organisasjonen.	Turné og vandreutstilling
2	Utstilling	NK lagar kvart år plan for oppdatering/ revidering/ gjennomgang av tidlegare vandreutstillingar og plan for produksjon av nye.	Turné og vandreutstilling
3	Utstilling	Innvolvere førstekompetanse ved alle nye vandreutstillingar.	Turné og vandreutstilling
4	Planlegging	Føre statistikk for skule- og barnehageturnear per hovudsteg og per kommune/ fylke	Turné og vandreutstilling
5	Planlegging	Redusere og effektivisere reiser og frakt gjennom rutinar og konkrete mål for året.	Turné og vandreutstilling

6	Planlegging	Få ein kontaktperson frå avdeling for forsking og samling for å vurdere innhald til høvesvis turnear og vandreutstillingar, for å kunne bruke denne avdelinga sitt innhald til nasjonal formidling	Forsking og samling
7	Skule og barnehage	Medverknad er ein del av alle prosessar for DKS-produksjonar	Turné og vandreutstilling
8	Skule og barnehage	For nye produksjonar skal det lagast leseliste slik at ein får felles kunnskaps- og teorigrunnlag for formidling gjennom Den kulturelle skulesekken.	Turné og vandreutstilling
9	Turnear	Få på plass avtale om turnear i Vestland.	Arenaleiar Hauge
10	Turnear	Nytte pilotbiblioteka til å teste ut nye format og alternativt innhald.	Turné og vandreutstilling
11	Utstilling	Pilotbiblioteka får ansvar for å sørge for at utstillingar dei får turnear til andre kommunar i området.	Turné og vandreutstilling
12	Friluft	Friluftstiltaka vert ført vidare så lenge samarbeidspartane er med på det.	Arena Vinje Arenal Hauge Arena Aasen
13	Planlegging	Publikumsundersøking skal følge med vandreutstillingar og DKS-turnear.	Kommunikasjon og digital formidling
14	Skule og barnehage	Fornye, betre eller skape nytt tilbod for 1.-4. steget og vidaregåande opplæring kvart år.	Turné og vandreutstilling

Tiltak gjennom perioden

Tiltaka er i prioritert rekkefølge, og blir konkretisert og prioritert i den årlege handlingsplanen. Dei første tiltaka blir gjort tidleg i perioden, og dei siste vert gjort ved tid og høve seinare i perioden.

Nr	Tema	Mål/ tiltak	Ansvar
1	Planlegging	Etablere system for deling av litteraturkritikk, omtalar og idear til litteratur- og språkarrangement mellom dei tilsette.	Turné og vandreutstilling
2	Turnear	Lage og forenkle rutinar for drift og revidering av DKS-turnear.	Turné og vandreutstilling
3	Utstilling	Lage og forenkle rutinar for drift og revidering av vandreutstillingane.	Turné og vandreutstilling
4	Utstilling	NK lagar ei vandreutstilling for 7-åringar i tett dialog med målgruppa.	Turné og vandreutstilling
5	Utstilling	Fast avtale om utstillingsturnear i prioritert rekkefølge: Vestland, Telemark, Rogaland (stiftarfylka våre utan andre faste avtalar).	Arenaleiar Hauge Arenaleiar Vinje Turné og vandreutstilling
6	Utstilling	Vurdere abonnementsløysing der biblioteka får 1-3 utstillingar kvart år uavhengig av tema. Me tek sjølv initiativ til avtalar med fylkesbibliotek eller andre konstellasjonar om dette.	Turné og vandreutstilling
7	Skule og barnehage	Etablere samarbeid med Nynorskcenteret eller andre om å utvikle for- og etterarbeidsopplegg for DKS-produksjonane og anna skuleaktivitet.	Turné og vandreutstilling
8	Friluft	Oppdatere profil på utebiblioteka der nødvendig og promotere tilbod og loggbok i sosiale medium	Arena Hauge Arena Aasen
9	Friluft	Utarbeide Vesaas' natursti i Vinje	Arena Vinje
10	Skule og barnehage	Erstatte ein produksjon med ein ny for 1.-4. steget.	Turné og vandreutstilling
11	Skule og barnehage	NK skal etablere nettverk og kontakt slik at alle fylke med nynorskelevar (Agder, Rogaland, Innlandet, Telemark, Buskerud, Vestland, Møre og Romsdal) kjøper inn tilbod frå oss årleg.	Turné og vandreutstilling
12	Skule og barnehage	Revidere produksjonane for 8. steget – VGS til anten ungdomsskule eller vidaregåande opplæring.	Turné og vandreutstilling
13	Turnear	Tilpassa, føre vidare og eventuelt utvide pilotbibliotek-ordninga.	Turné og vandreutstilling
14	Turnear	Få strategiske samarbeidspartar og nettverk/klynger for turne eller andre tiltak (utstilling m.m.) i dei største kommunane og kommunane med nynorskklasse.	Turné og vandreutstilling
15	Turnear	Utarbeide rettleiar for universell utforming av turnearrangement.	Turné og vandreutstilling
16	Turnear	Oppdatere vandreutstillingar me har i nytt format ved behov	Turné og vandreutstillingar
17	Skule og barnehage	Vurdere å utvikle fleire undervisningsopplegg for barn for utstillingar vi allereie har.	Turné og vandreutstilling

18	Skule og barnehage	Greie ut etablering av nynorske vegvisarar, etter modell frå kvenske, samiske og jødiske tiltak.	Direktør
19	Friluft	Oppmode andre til å forske på dagsturhyttene og våre litteratur-i-frilufts-tiltak.	Forskning og samling
20	Friluft	Vurdere å utvide Lurivar utebibliotek i Vest-Telemark og Voss/Hardanger opp mot kapasitet, samarbeidspartar og andre nasjonale tiltak	Arena Hauge Arena Vinje
21	Utstilling	Vurdere å spreie eksisterande og utvikle fleire undervisningsopplegg for utstillingar vi allereie har.	Turné og vandreutstillingar